

Den utvidede utenriks- og konstitusjonskomite
Møte mandag den 31. mai 1965 kl. 10.

Møtet ble ledet av formannen, F i n n M o e .

Til stede var: Bratteli, Braadland, Kjøs, Langhelle, Langlo, John Lyng, Finn Moe, Nordahl, Jakob Pettersen, Røiseland, Rakel Seweriin, Hambro, Leirfall (for Borgen), Dahl, Aarvik, Hegna, Hønsvald, Johs. Olsen og Treholt.

Av Regjeringens medlemmer var til stede: Kirke- og undervisningsministeren, statsråd Helge Sivertsen.

Dessuten ble ekspedisjonssjef Skadsem fra Kirke- og undervisningsdepartementet gitt adgang til møtet.

John Lyng: Jeg vil få lov til å melde forfall for hr. Ingvaldsen. Det var helt umulig for ham å møte.

Formannen: Jeg beklager at det har vært nødvendig å sammenkalle komiteen på et så ubeleilig tidspunkt og på den måten det er blitt gjort, men det henger sammen med det avbrekk vi hadde i Stortingets arbeid. På den annen side gjelder det en sak hvor det må være gitt beskjed innen 1. juni. Den gjelder dette CERN-prosjektet, som kirke- og undervisningsministeren vil redegjøre for.

Jeg gir da ordet til statsråd Sivertsen.

Statsråd Helge Sivertsen: Når eg har bedt om å få kome i den utvida utanrikskomiteen for å orientere om ei sak, er det fordi denne saka er så stor at eg ikkje synest det er naturleg at Regjeringa sender sitt tilbod før komiteen er orientert.

Saka gjeld CERN, den internasjonale samarbeidsorganisasjonen for kjernefysisk forskning. Det er – som medlemene sikkert kjenner til – 13 europeiske land som samarbeider om kjernefysisk forskning. Det finst no forskingslaboratorium i Genève i Sveits, på grensa til Frankrike elles, og det er ein plan i denne organisasjonen om å byggje nytt forskingsanlegg for den kjernefysiske forskning organisasjonen driv. Det gjeld det dei kallar "elementærpartikkelforskning," – eit høgt avansert forskingsnivå. Det er arbeid på eit felt der dei vonar å kunne finne nye naturlover. Det er grunnlagsforskning i aller eigenlegaste forstand det gjeld.

Forskinsanlegget i Sveits er ganske stort som det er, men dei planlegg eit nytt anlegg som vil kunne mogleggjere nye forskingsoppgåver. Det dreier seg om det dei kallar ein akselerator med ei høgspenning på 300 GeV. Eg trur ein GeV er noko slikt som 1 milliard volt. Det dei no planlegg, er ein stor tunnel med eit tverrmål på 2,5 kilometer. Partiklane blir sende inn i denne tunnelen under høg spenning og kan då med fine metodar observerast der. Dette er eit kjempeanlegg som vil krevje ei bemanning på 5 000 menneske fullt utbygt, som dei reknar med det skal vere i 1980. Dei reknar med at det vil krevje ei investering på 2,5 milliardar, rettare 2,6 milliardar, om ein reknar det i norske kroner. Dei reknar med ei driftsutgift stigande frå 400 mill. kroner – 377 mill. kroner er det rekna til – opp til

bort imot 600 mill. kroner, eller rettare 585 mill. kroner omkring 1980. Investeringsperioden skulle vere frå 1968 fram til 1974, og full drift skulle dei oppnå omkring 1981. Det er den planen som CERN arbeider etter.

Det er nå spørsmål om kven av medlemslanda i CERN som eventuelt skal kunne vere vertsland for eit slikt anlegg. Dei store landa i CERN er tydeleg interesserte. Østerrike og Belgia har også meldt seg. Sverige arbeider med eit prosjekt. Det er då spørsmål om Noreg også skal melde seg som interessert i å være vertsland for eit slikt tiltak som dette.

Som medlemene sikkert hugsar, har det vore reist spørsmål i Stortinget om det. Eg opplyste som svar på eit spørsmål som hr. Erling Petersen stilte, at saka var under arbeid i Norges Teknisk-Naturvitenskapelige Forskningsråd. Det er dette forskingsrådet som då har gjort det grunnleggjande utgreiingsarbeidet for Regjeringa i saka.

Det er sett som frist for å melde seg, den 1. juni, og denne saka er først blitt avklara i Regjeringa i løpet av den siste veka, etter at utgreiingsarbeidet var gjort. Departementet har også hatt kontakt med Norges Industriforbund om saka, sidan det gjeld ei sak med ganske stor verknad også på det økonomiske felt, og ikkje minst det industrielle.

I tilfelle det skulle bli aktuelt å leggje dette anlegget til Noreg, vil det dreie seg om å kunne stille til disposisjon eit areal på omkring 20 kvadratkilometer og ikkje smalare enn 3,5 kilometer. Det er i tilfelle ganske strenge krav til dei geologiske forhold, og det har då vore undersøkt kvar det kunne kome på tale å leggje eit slikt anlegg. Forskningsrådet har undersøkt mange område og var kome til at eit område i nord-vest-enden av Tyrifjorden, ved Ask, to område ved Einavatn – eit nord for og eit sør for Einavatn – og eit område sør for Kongsvinger, 10–15 km rett sør for Kongsvinger, frå geologisk og andre synspunkt skulle kunne vere moglege.

No har ekspertar frå CERN sett på dei data som er komne for desse områda, og dei har også vore oppe i Noreg for å sjå på tinga på staden. Dei har sagt at dei to områda ved Einavatn ikkje kan kome på tale, slik at det som då no er aktuelt etter dei undersøkingar Forskningsrådet har gjort, er eit område ved Tyrifjorden og eit område sør for Kongsvinger. Det vil vere ganske stort behov for elektrisk energi ved eit slikt anlegg og for tilgang på ferskvatn. Begge dei krava skulle kunne oppfyllest i dei to områda som då har kunne utpeikast sett på grunnlag av dei data som CERN krev, ved Tyrifjorden og sør for Kongsvinger. Det krevst også godt utbygde kommunikasjonar, og ein må også kunne rekne med tilfredsstillande vilkår for å byggje opp boligar, byggje opp ein by – som det faktisk blir – for eit så stort personale som det her dreier seg om.

Skal ein vurdere dette tiltaket, må ein vel seie at det frå norsk synspunkt for eit lite land som vårt vil vere både positive og negative sider. Dei positive vil ligge i dei økonomiske utviklingsvilkår det gir og i den stimulans det vil gi til norsk forskning og norsk teknologi i det heile. Ein reknar med at av investeringsbeløpet på 2 600 000 000 kroner vil kanskje halvparten kunne tilflyte norsk næringsliv i form av kontraktar i bygg- og anleggsbransjen og andre kontraktar til norsk industri, den

delen av personalets løn som blir brukt her – omkring 70 pst. reknar dei med – og også medvirking til finansiering av boligreising. Det er då eit overslag som er gjort. Ein må rekne med at nettobeløpet vil bli atskillig mindre enn 1 300 mill. kroner, som er eit heilt førebels overslag, idet ein ikkje liten del vil kome til å gå til import, slik at ei nettotilføring til landet på eit så stort beløp vil det ikkje bli. Ein må vel også kunne rekne med at eit anlegg av denne art særskilt vil kome til å stimulere den delen av vår industri som arbeider på eit høgt teknologisk nivå, ikkje minst når det gjeld fjernstyring og måleteknikk.

Det er også negative sider når det gjeld vårt økonomiske liv – det må ein vel vere fullt klår over. For det første vil det kome inn i landet ei ganske stor eining med andre vilkår enn dei vanlege. Lønsnivået vil liggje vesentleg høgare når det gjeld ein stor del av det personalet som vil vere knytt til anlegget. For dei utanlandske statsborgarar som vil arbeide der, vil ikkje – etter dei reglar som no gjeld – vanlege skattereglar kunne gjerast gjeldande, jamvel om ein for norske statsborgarar vil måtte kunne halde oppe vanlege norske skattereglar. Vi vil her også kome til å få ein bruk av dei disponible ressursar for investeringar som ikkje vil vere den same som er innarbeidd i det langtidsprogrammet som er lagt fram for Stortinget. Investeringane skulle her ta til å gjere seg gjeldande frå 1968 og utover, så det rører ved visse delar av den perioden som programmet gjeld. Det kan vel òg bli ei påkjenning særleg på bygg- og anleggssektoren å greie ei investering av denne størrelsesorden. Ein må rekne med at det maksimalt – etter det Forskningsrådet har kome til, og etter det økonomisk sakkunnige som har vore rådspurte, har kome til – kan bli 2 000 mann med i oppbygginga av dette. Opp til 2 000 vil det kunne bli sett inn under anleggsperioden frå bygg- og anleggssektoren, så det er ein nokså stor fugl som i tilfellet kjem hit.

Norges Industriforbund har streka under dei negative sider ved dette, både i ein konferanse i Undervisningsdepartementet og med Finansdepartementets utval for langtidsprogrammet, og har dessuten stadfesta det i eit brev der dei peikar på dei ting som dei meiner kan skape vanskar om eit slikt storanlegg som dette skulle kome til vårt land. Hovudinnhaldet av brevet er at dei meiner at ved å bruke dei same ressursane til dei føremål som industrien tenkjer seg og i flukt med det langtidsprogrammet som er lagt opp, vil ein kunne få eit større bidrag til vårt nasjonalprodukt i denne perioden enn om ein satsar denne delen av ressursane på dette prosjektet.

Dersom ein prøver å avvege dei positive og dei negative trekk i dette, må ein etter mi oppfatning på den positive sida leggje stor vekt på den verknad det vil få for heile vårt teknologiske miljø og på at den avanserte industrien vil kunne få ein stimulans her. Vi vil på denne måten på sett og vis kunne få ein eksportmarknad i landet. Det er vel ikkje så sikkert at norsk industri greier å ta dei store kontraktane i konkurranse med andre, men det er vel i alle fall ein betre sjanse når ein har anlegget i landet, med den konkurranse vi elles har på marknadene ute. Det er nokså store tingingar som går frå CERN i Sveits til sveitsisk industri no.

Den tilføring av kapital som kjem til landet her, blir ganske stor. Noregs andel av utgiftene i CERN er no 1,47 pst., slik at det alt vesentlege då vil bli

finansiert av dei andre medlemslanda i CERN. Som nemnt er det forutan investeringane på 2,6 milliardar kroner, rekna med eit driftsbudsjett på frå 377 mill. kroner til 585 mill. kroner i oppbyggingsperioden frå 1974 til 1981.

Under drøftingane av saka er Regjeringa komen til det standpunktet at Noreg her bør melde seg som interessert i å kunne vere vertsland for eit slikt anlegg dersom det skulle bli aktuelt. Det må då gå ut eit tilbod i den form at Den norske regjering tilbyr, med atterhald om Stortingets seinare samtykke, at Noreg blir vertsland for den store 300 GeV akseleratoren som CERN har under planlegging. Vidare må det i tilbodet peikast ut område der dette anlegget kan leggjast. Etter Regjeringa si oppfatning bør ein då peike ut området sør for Kongsvinger og området ved nord-vest-enden av Tyrifjorden, med ein viss preferanse for Kongsvinger-området av omsyn til distriktpolitikken.

No er det, etter det eg har fått opplyst ganske nyleg, visse vanskar med høgdeforskjellen i det terrenget sør for Kongsvinger som er aktuelt. Men dei tekniske undersøkingar i CERN for dei område som her er på tale i dei ulike land, vil då no gå vidare.

Når det gjeld vilkåra – dersom Noreg skulle bli valt som vertsland – er det Regjeringa sin føresetnad at det må forhandlast nærare om dei.

Eg trur det er rett at vi melder oss som interesserte. Eg synest det er vanskeleg å avstå frå å vere med i tevlinga om dette anlegget. Om eg skal vurdere saka nøkternt ut frå den kjennskapen eg har til arbeidet i CERN, trur eg det er relativt liten sjanse til at Noreg blir valt som vertsland for eit anlegg som dette. Dei store landa i CERN er, som nemnt, interesserte og faktisk ligg vel situasjonen slik an at det er berre dersom dei ikkje kan bli einige om å leggje anlegget i eit av dei landa, at det kan kome på tale å leggje det i eit mindre land. Men også då vil Belgia og Noreg – og sannsynlegvis Sverige – vere konkurrentar om anlegget. Ein må difor, så vidt eg kan sjå, rekne med at det er relativt små utsikter, men eg meiner likevel det er rett at vårt land melder seg.

Formannen: Jeg skal takke statsråden for redegjørelsen.

John Lyng: Så vidt jeg skjønner, må Regjeringen i løpet av morgendagen eventuelt sende inn en søknad om å komme i betraktning. Jeg går ut fra at statsråden ikke egentlig venter at vi på grunnlag av en så skissemessig redegjørelse som denne, skal kunne gi uttrykk for noen endelig reaksjon, verken på egne vegne eller – og det langt mindre – på vegne av kolleger i Stortinget. Jeg må derfor få lov til å understreke at de merknader jeg kommer med, må betraktes som uttrykk for en rent foreløpig reaksjon.

Jeg forstår det slik at Industriforbundet – som formodentlig da har fått betydelig bedre tid til å overveie dette enn vi får på disse minuttene – har pekt på en del betenkeligheter. Men på den annen side forsto jeg statsråden slik at disse betenkelighetene mer var knyttet til vår andel av finansieringen enn til spørsmålet om hvor vidt vi skulle gjøre noe for å få anlegget lagt hit. Hvis det er så at

Industriforbundet har gitt uttrykk for andre former for betenkeligheter, kunne det være interessant å få kjennskap til dem.

Men for å prøve ganske kort å komme fram til en konklusjon: Jeg går ut fra at hvis man sender en uttalelse om at Norge er interessert i å få dette anlegget og Regjeringen formulerer innbydelsen slik at det tas forbehold om Stortingets godkjenning, er ikke det i seg selv mer bindende enn at vi kan forutsette at både vilkår, beliggenhet og en rekke slike ting må bli gjenstand for forhandlinger. Er det da slik å forstå at vi mister muligheten ved ikke å sende inn søknad nå, mens vi altså skaper hva jeg vil kalle et forhandlingsgrunnlag eller en forhandlingsmulighet hvis vi sender inn en søknad, må jeg si meg enig med statsråden i at det ville være betenkelig å la muligheten gå fra oss. Med den reservasjon at jeg for mitt vedkommende – og jeg går ut fra at det også vil gjelde de andre – står fritt når saken eventuelt kommer fram for Stortinget i mer konkret form, er jeg enig med statsråden i at man ikke bør la muligheten gå fra seg.

Men ellers må jeg få lov til å føye til til slutt at har man først i en slik sak interesse av en reaksjon fra den utvidede utenriks og konstitusjonskomites side, ville det ha vært bedre om vi hadde fått noe mer tid til å tenke på saken. Det må jeg få lov til å understreke.

Braadland: Jeg slutter meg helt til det hr. John Lyng nettopp sa om at det er umulig for oss å ta stilling til en så stor og komplisert sak i løpet av en formiddagstime. Vi ville ha trengt atskillige dager – kanskje uker – for å kunne tenke over de forskjellige momenter i denne sak.

Men svaret skal avgis i morgen, og jeg er for så vidt enig i statsrådets og Regjeringens konklusjon at svaret bør være positivt.

Det forbauser meg imidlertid at Regjeringen – etter de opplysninger vi fikk – i denne sak bare har konferert med Norges Teknisk-Naturvitenskapelige Forskningsråd og Industriforbundet, og at ikke også andre institusjoner har vært trukket inn, for så vidt som dette jo er en meget, meget stor sak økonomisk sett. Jeg vil ikke her nevne andre institusjoner og organisasjoner som kunne komme på tale, men bare peke på at jeg synes det er et noe snaut grunnlag.

Jeg har selv for en viss tid siden – uten å ha tilknytning til de nevnte organisasjoner – hørt snakk om denne sak, og jeg vet at det i forskjellige distrikter her i landet er atskillig interesse for og konkurranse om å få et slikt prosjekt. Jeg vil da nytte anledningen til å spørre statsråden – siden han nevnte at Kongsvinger-distriktet var utpekt som nr. 1 og Tyrifjorden-distriktet som nr. 2 – om man har tenkt på Halden-distriktet? Det høres som om jeg er ute for å ivareta egne distriktsinteresser, men jeg vet at det i det området i all fall er krefter og organisasjoner som er sterkt interessert i dette. De mener i all fall selv at de har forutsetninger for å kunne løse oppgaven på en gunstig måte.

Videre vil jeg gjerne spørre statsråden om undersøkelsene vedrørende plasseringen av et slikt anlegg har vært begrenset til det sør-østlige Norge, eller om undersøkelsene også har omfattet Vestlandet og kanskje Trøndelag?

Med hensyn til bedømmelsen av den økonomiske side ved et slikt prosjekt hvis vi skulle være så heldige, vil jeg si, at vi fikk det, vil jeg legge avgjørende vekt på at prosjektet økonomisk vil virke som en formidabel eksportbedrift. Den nasjonaløkonomiske lønnsomhet ved dette prosjektet sammenlignet med andre muligheter som vi har i årene fremover, vil jeg ikke ta opp, men jeg tror det er viktig å understreke den valutapolitiske betydning av å få et slikt prosjekt, ved siden av alle de andre vitenskapelige og tekniske fordeler som prosjektet fører med seg.

Langhelle: Dette er jo en stor sak med mange sider, og for så vidt berører saken også andre komiteer enn denne. Jeg tenker på kirke- og undervisningskomiteen, som i høy grad kommer inn i bildet, og det samme gjelder industrikomiteen – kanskje også finanskomiteen. Alle disse kan jo være interessert i å få diskutert et slikt spørsmål som dette.

Når det gjelder den rent utenrikspolitiske side av saken, som denne komite vel i første rekke skal ta hensyn til, går jeg ut fra – statsråden var ikke inne på det – at det ikke er noen problemer i det hele tatt slik som CERN er sammensatt. Statsråden kan kanskje minne oss om hvilke 13 land det er som er medlemmer av CERN.

Jeg forstår det slik at Forskningsrådet for så vidt klart har gitt tilråding om at vi skal være med i konkurransen. Jeg kunne ha lyst til å spørre om Industriforbundets uttalelse bare er negativ, eller om det også er positive trekk i den uttalelsen?

Når det gjelder beliggenheten – jeg har ingen lokale interesser å ivareta – falt det meg inn i farten at kunne et slikt prosjekt som dette for eksempel henlegges til Rjukan, som nå kanskje er kommet i en litt kritisk situasjon, ville et helt samfunn stå parat til å kunne ta imot en slik historie. Dette er bare noe jeg kaster fram nå som en helt usakkyndig betraktning.

Min konklusjon blir den samme som den hr. John Lyng trakk, at det vil være betenkelig å la muligheten gå fra oss, og at vi derfor bør være med i konkurransen – naturligvis da med det forbehold at vi på et senere tidspunkt må foreta en konkret og endelig vurdering.

Røiseland: Eg er samd med hr. Braadland i at dette vil bli ei stor eksportverksemd, men det er eit anna spørsmål eg vil reise, og det er dette: Dette er grunnforskning – viktig grunnforskning – som vil få mykje å seie for den sivile produksjon. Men vi må vel også rekne med at den vil få mykje å seie for den militære produksjon, for også militær produksjon byggjer på grunnforskning. Om den ikkje har mykje å seie slik akkurat til å begynne med, kan den jo få det. Den kan kome fram til resultat som kan byggjast vidare på i militær produksjon. Då vil eg gjerne spørje: Kan det ikkje tenkjast at dette kan bli ei nokså farleg bedrift å ha? Og er vi trygge for at den ikkje skapar utanrikspolitiske komplikasjonar? Det er greitt nok at det er 13 land som samarbeider her, men vi veit jo at vi har hatt utanrikspolitiske vanskar endå med den vesle historia vi har på Svalbard.

Eg vil gjerne spørje statsråden om denne sida er drøfta?

Hambro: Jeg er også enig i de betraktningsmåter som representanten John Lyng kom frem med, at det bare er rent foreløpige ting vi kan komme frem til her. Jeg synes det er en hel rekke ting vi vet for lite om, og som vi må få vite atskillig mer om.

For det første trodde jeg hr. Braadland, da han hadde ordet, ville ha nevnt et spørsmål som jeg synes er interessant. Det er: Er det absolutt påkrevet å få dette anlegget i et distrikt hvor vi må ofre formodentlig ganske store arealer av god, dyrkbar jord, og formodentlig ekspropriere en hel rekke bruk som det kunne være av ganske stor betydning for oss å bevare? Finnes det ikke andre steder i landet – som også nevnt av hr. Langhelle – hvor det var mer naturlig å legge dette?

Det var det ene.

Så har det vært nevnt at det er en del institusjoner som er blitt spurt. Jeg går ut fra at også Atomenergirådet har vært inne i bildet. Det har ikke vært nevnt, men jeg går ut fra at det har vært inne i bildet som en del av Norges Teknisk-Naturvitenskapelige Forskningsråd.

Videre ble så vidt nevnt av statsråden spørsmålet om elektrisitetsforsyning. Betyr dette anlegg at man er nødt til å lage nye elektrisitetsverk, ekspropriere nye deler av norsk natur, for å få ordnet elektrisitetsforsyningen til anlegget?

Så er det et spørsmål til – der kommer jeg inn på rent utenrikspolitiske spørsmål: Hva vil dette koste oss? Hva må vi yte? Det er en kjent sak når det er konkurranse mellom forskjellige distrikter i forskjellige land om å få den slags institusjoner, så tilbyr som regel vertslandet seg å betale ganske meget. Jeg vet at da det var tale om å få FN til New York, ble det ydet meget store beløp, og det var tilbud fra Genève og fra San Francisco. Det kan godt tenkes at det vil bli ventet at vertslandet i all fall yder de nødvendige grunnarealer eller noe slikt. Det ville være interessant å vite noe mer om dette.

Statsråden nevnte også at disse menneskene som kommer – jeg tror han nevnte 5 000 – vil ha høyere lønnsnivå enn tilsvarende norske, og det vil kunne skape vanskeligheter. Statsråden nevnte også at de vil få skattefritagelse for de store inntekter de hadde – i motsetning til de norske. De vil formodentlig også forlange tollfri innførsel av automobiler og lignende ting, slik de får andre steder. Jeg vil gjerne ha nevnt at dette kan skape ganske store forviklinger på landsbygden i Norge eller i nærheten av en småby, å innføre 5 000 mennesker som skal privilegeres og stå i en ganske annen stilling enn vanlige norske. Jeg tror man bør undersøke dette meget omhyggelig før man binder seg til noe.

Jeg vil i denne forbindelse gjerne nevne at i en av de siste engelske søndagsaviser sto det en artikkel om at det nu var meget sterke reaksjoner i en så tradisjonelt fremmedvennlig by som Genève, og det var store demonstrasjoner mot den stadige økning av privilegerte klasser både hva boliger og andre ting angår. Når dette skjer selv i Genève, hvor man er vant til å ha internasjonale organisasjoner og har hatt det nu snart i to menneskealdre, kan man tenke seg at dette vil skape vanskeligheter i Norge.

Jeg synes vi må få alt dette omhyggelig vurdert før man tar et definitivt standpunkt.

Med disse reservasjoner vil jeg være enig med tidligere talere i at man i første omgang i all fall innleverer en foreløpig invitasjon, for å være sikker på at vi ikke blir utelukket.

Bratteli: Jeg slutter meg også til konklusjonen fra statsråden, som vel alle som har uttalt seg, har sluttet seg til. Vi har jo ingen mulighet her til å gå inn på alle de store spørsmål som melder seg i denne sammenheng, hvis det blir alvor av at dette skal realiseres. Det får vi komme tilbake til siden.

Om jeg får lov bare å si noen ord til det siste hr. Hambro var inne på. Det har lenge stått for meg sånn at med den utvikling som etter hvert skjer i europeiske og internasjonale tiltak av forskjellig art, og med den bredde dette etter hvert får og den store bemanning det dreier seg om, så kan jeg ikke skjønne at vi i lengden kan opprettholde at de som arbeider i disse internasjonale institusjoner, skal ha – jeg holdt på å si – diplomatiske rettigheter når det gjelder skatter og avgifter og den slags. Det er klart at det er et uvesen som man bør komme vekk fra under alle omstendigheter. Men det er ikke grunn til å komme nærmere inn på det nå.

Jeg skal bare føye et spørsmål til de mange ikke helt enkle statsråden er bedt om å svare på, og det er dette: Vet en noe mer bestemt om varigheten av et arbeid som det som her skal settes i gang i en slik forskningsinstitusjon? Jeg går ut fra at hvis det gjelder en investering på 2,6 milliarder kroner, så er det selvfølgelig et arbeid av lang varighet, men er det et arbeid for evigheten? En må regne med at hvis en slik institusjon plasseres et sted, f.eks. sør for Kongsvinger som det sies, så vil det fullstendig omskape distriktet på mange måter. Hvis nå forholdene skulle medføre at en vil gjøre arbeidet på en helt annen måte, eventuelt på et annet sted, om 30 år eller 40 år – hva så? Jeg vil bare spørre om en vet noe om dette?

Aarvik: Bare en enkelt replikk: Det er naturligvis helt umulig å kunne fordype seg i alle disse forskjellige, høyst alvorlige problemer, men jeg forstår det slik at det det dreier seg om nå, er å søke å komme i forhandlingsposisjon. Og ettersom vi hører at det er flere land som melder seg, bl.a. Sverige, må vi vel gå ut fra at det neppe kan reise seg noen andre betenkeligheter for oss enn de betenkeligheter som også kan reise seg for deres vedkommende. Dersom et land som f.eks. Sverige finner å ville melde seg, skulle det ikke være noe i veien for at vi for vårt vedkommende gjør det samme, idet jeg mener at det neppe vil reise seg vesentlig andre momenter enn de som måtte bli overveid og vurdert fra svensk hold. Hvis et land som Sverige vil melde seg, bør selvfølgelig også vi gjøre det.

En rekke av de problemer som hr. Hambro reiste f.eks. går jeg ut fra at det går an å komme tilbake til senere, og en får da vurdere dem. Hvis en ved nærmere vurdering kommer til det resultat at disse betenkeligheter blir for store, regner jeg med at en da må kunne stå fritt til prosjektet og eventuelt må kunne si nei til det, slik at vi med det skritt som nå tas, ikke binder oss på noen måte med tanke på fremtidige vurderinger og avgjørelser.

Med disse bemerkninger synes jeg det er all grunn til å slutte seg til den konklusjon som statsråden trakk.

Hegna: Jeg er for så vidt enig i den konklusjonen og det som er sagt her fra de forskjellige representanter. Jeg vil bare føye en ting til i tilknytning til det hr. Langhelle sa om interessen for denne sak også i andre komiteer.

Nå er jo forholdet at vi har fått dette dumpende rett i fanget på oss så å si uten varsel. Det kunne jo være hensiktsmessig under alle omstendigheter at man nyttet tiden utover mens den videre forberedelse pågår, til å gi mest mulig orientering til alle komiteer. Akkurat formen for dette kan man vel alltid finne. Jeg kunne tenke meg at det simpelthen ble laget et skriftlig notat – jeg tenker ikke på en melding eller noe sånt, men et notat – som da ble tilstilt de komiteer som kunne være særlig interessert, og at man fikk en anledning til å drøfte saken på grunnlag av det notatet. Man ville ikke da kunne trekke noen konklusjon lenger enn det som vi har trukket her i dag, men man ville stå bedre rustet når man i sin tid eventuelt trekker mer vidtgående konklusjoner.

Langlo: Det som for meg er vesentleg her, er dei opplysningane vi kan få om verknadene av eit slikt tiltak for våre internasjonale forhold, altså forholdet til andre land, og om det skulle vere nokon særleg risiko der. Det er så rart med det når det gjeld slike ting som kjernefysikk og den slags, så er det mange som har ein viss angst i så måte. Eg går ut frå at vi kan få opplysningar om det.

Det vil òg gje ein viss peikepinn når vi no alt i dag får vite namna på dei 13 medlemslanda i CERN.

Så var det ein ting til: Eg går ut frå at eit slik anleggstiltak vil stå under norsk jurisdiksjon, at det ikkje blir ein framand stat i staten. Det må ein kunne gå ut frå.

Røiseland: Eg har eit spørsmål igjen: Er det slik å forstå at dette skal vere nærmast open forskning, slik som på Kjeller, der både ven og uven kan kome og få greie på resultata – at afrikanarane kan kome og lære å lage atomvapen? Dersom det er slik at det skal vere open forskning, er det klårt at det ikkje kan skape internasjonale utanrikspolitiske problem. Men eg har nærmast forstått det slik at det ikkje er som på Kjeller, at det er ein lukka krins som kan bruke desse forskingsresultata som dei ønskjer, og som ikkje treng gjere dei kjende for andre. Eg synest det er nokså viktig å få greie på dette.

Hr. Aarvik nemnde Sverige. Ja, Sverige er eit nøytralt land, så dersom det i det heile er ei utanrikspolitisk side ved dette, er det klårt at problema er mindre for Sverige enn for oss som er eit NATO-land.

Nordahl: Det er svært få opplysninger vi har fått og på et sent tidspunkt, når dette møte er innkalt for at man kan få høre komiteens medlemmers syn på denne saken. Jeg slutter meg til den konklusjon de andre har gitt uttrykk for, men under sterk tvil – og i håp om at vi ikke får dette anlegg.

Så vidt jeg forstår, vil det for en tid skape et Klondyke, hvor arbeidskraften vil strømme til. Den best kvalifiserte arbeidskraft vi i det hele tatt har, og som vi kan trenge andre steder, vil strømme til. Det vil bli god betaling, så vidt jeg forstår, og så har vi problemene når selve anlegget er ferdig.

Jeg ser bort fra at dette kan ha visse utenrikspolitiske sider, for det går jeg ut fra at Utenriksdepartementet alt har uttalt seg om, så den siden av saken går jeg ut fra at Regjeringen er klar over.

Jeg mener at for vårt land er dette, med de oppgaver vi ellers har, et alt for stort prosjekt å ta fatt på. Men jeg forstår det slik at vi skal inngi en innbydelse, uten at vi forplikter oss til noen ting.

Jeg er for så vidt enig i alt det representanten Hambro sa, og som fikk tilslutning av hr. Bratteli. Vi hadde et begrenset diplomati i gamle dager, som hadde spesielle privilegier. Nå blir verden mer og mer internasjonalisert, og det kreves store mengder av folk der hvor man før hadde ganske få, og nå skal disse store masser av folk ha de samme rettigheter som diplomatene hadde. Amerikanerne har jo avvist det, og så vidt jeg vet, nektet diplomatiske rettigheter selv for dem som arbeider i FN. FN betaler da, hvis jeg ikke tar mye feil, et tillegg for det disse taper ved at det ikke opprettholdes diplomatiske rettigheter i Amerika. Når jeg nevner dette, er det fordi statsråden nevnte at vi i forbindelse med denne saken skal få en internasjonal elite til vårt land som skal være unntatt fra alle de forpliktelser som alminnelige samfunnsborgere i vårt land og i andre land har. Det har vært nokså mye diskutert også internasjonalt dette at man etter hvert får store klasser av privilegerte som står helt uberørt av de forpliktelser som folk ellers i de enkelte land har.

Ellers vil jeg jo si at dette prosjektet ville ha tiltalt meg atskillig mer hvis man hadde funnet andre steder å legge det enn akkurat de steder som er nevnt. Et sted på Vestlandet eller i Trøndelag f.eks. har vært nevnt, likeledes Halden, som jeg forsto at en av representantene her var meget begeistret for. Det kan jeg godt forstå, men det er ikke jeg, for der ville en bare skape problemer. En ville ikke løse spørsmålet ved å legge anlegget til Halden. Hvis en kunne legge det til Vestlandet eller Trøndelag, ville det etter min oppfatning være mye bedre enn å legge det her på tykkeste Østlandet, i bygder som kunne brukes til så mye annet likevel.

Statsråd Helge Sivertsen: Eg er samd i at vi burde hatt betre tid på denne saka, men ein må også vere klår over at det det er spørsmål om å gjere, er å melde seg til dette prosjektet, men slik at det skal forhandlast nærare om alle vilkår, og sjølv sagt under uttrykkeleg forbehold om Stortingets godkjenning. Eg ser det slik at vi under dei forhandlingane som må førast i tilfelle dette skulle bli aktuelt, må stå fritt og står fritt til å akseptere eller ikkje akseptere dei vilkår det blir tale om. Skulle det så vere vilkår som vi meiner ikkje er tenlege for vårt land, må vi avslå det.

Når det gjeld orientering til Stortinget, vil eg berre nemne at eg to ganger har omtala saka i Stortinget. Den eine gongen var, som eg nemnde i mi første orientering her, som svar på eit spørsmål frå hr. Erling Petersen, og den andre gongen var då vi hadde løyvinga til dei såkalla lagringsringane i CERN. Det er eit

mindre utbyggingsprogram som skjer i Genève eller på grensa mellom Sveits og Frankrike.

Hr. John Lyng spurde om Industriforbundets merknader. Dei ting Industriforbundet har peika på i sitt brev, går alle i negativ lei. Forbundet peikar både på vanskane når det gjeld kapitalmangelen, og dei vanskar som er med å få bygt det som skal byggjast innanfor norsk industri. Dei peikar på konkurransen om arbeidskraft, og peikar også på dei spesielle vanskane i Oslo-regionen, dessutan på den vansken det er med eit samfunn med slike særskilde rettar som her har vore omtala. I den konferansen eg hadde med representantar for Industriforbundet, var det også gitt uttrykk for frå ein enkelt av representantane at vi burde nok melde oss, men til ein høg pris, som han sa.

Hr. Braadland nemnde spørsmålet om andre område enn dei som Forskingsrådet hadde fest seg ved i siste omgang. Etter det eg har fått opplyst, har Forskingsrådet gjort ganske omfattande undersøkingar også i andre område. Eg meiner å vite at dei også har undersøkt Halden-området, utan at eg der har heilt sikker kunnskap. Eg trur dei har undersøkt område på Jæren og i Karmøy, men kom til at det ikkje kan gå. Det har vel noko å gjere med dei stabile grunnforhold som trengst for dette anlegget.

Eg kan nemne som ein kuriositet at då eg var nede og såg på CERN-anlegget i Sveits, opplyste dei at den tunnelen dei no har for slik forskning, har dei mått leggje i ei særskild foring for å motverke bølgeslaget frå Atlanterhavet. Det er ganske fintmerkande instrument det her er tale om.

Når det gjeld kraftutbygginga, så meiner Vassdragsvesenet at den vil kunne passast inn i eit utbyggingsprogram. Den kraftmengd som her skal til, er det opplyst svarar til 15 pst. av eit års tilgang på ny kapasitet.

Det var spørsmål om medlemslanda i CERN. Så vidt eg hugsar, er det Noreg, Sverige, Danmark, Østerrike, England, Frankrike, Vest-Tyskland, Spania, Luxembourg, Nederland, Belgia, Italia, Hellas og Sveits.

Hr. Røiseland nemnde faren for at denne forskinga kunne føre med seg komplikasjonar, fordi den skulle kunne utnyttast militært. Eg kan ikkje seie anna om det enn at så vidt eg veit, er denne forskinga heilt open. Forskingssentret CERN i Sveits står heilt ope for dei som der vil drive forskning, og eg trur også resultata er opne. Eg skulle tru at det at Sveits har funne å kunne ha eit slikt forskingsanlegg som dette, også er eit visst indisium på at forskinga ikkje skulle føre til utanrikspolitiske vanskar. Sveits har tradisjon når det gjeld dei ting dei synest dei kan ta imot som nøytral.

Eg kan elles nemne at det har vore visse kontaktar eller visse drøftingar for om mogleg å organisere eit slikt samarbeid på global basis, der også austmakter har vore med, utan at det har ført fram.

Eg forstår det også slik at det forskningssentret Sovjet har – det ligg sør for Moskva – har vore ope for forskarar frå dei vestlege landa. Men det er det eg kan seie på ståande fot om det spørsmålet.

Hr. Hambro nemnde spørsmålet om ein her måtte ta dyrka jord. Dei to områda som no er utpeikte, er ikkje dyrka jord, dei ligg i utmark og skogsterreng.

Spørsmålet om kva meir vi eventuelt må yte, må etter det opplegg som her er skjedd, fastleggast i forhandlingar, slik at ein med å melde seg ikkje har tatt standpunkt til det.

Hr. Bratteli nemnde spørsmålet om kor lenge eit slikt tiltak kunne tenkjast å ha betydning eller vare. Det synest eg er kanskje det aller vanskelegaste spørsmålet å vurdere i denne samanheng. Eg har spurt ekspertar på området kor langt dei ser inn i framtida når det gjeld dette forskingsutstyret, og dei seier at dei ser ikkje langt fram. Vi veit faktisk ikkje kor lenge eit forskingsutstyr av denne art vil vere det beste. Det synest eg er eit av dei usikkerhetsmoment som ein avgjort må ta med i dei endelege vurderingar som skal kome.

Eg har spurt meg sjølv kva som vil skje dersom avantgruppa av forskarar vandrar vidare frå dette anlegget og over til eit nytt anlegg som eventuelt gjev betre forskingsvilkår. Eg har også stilt spørsmålet til sakkunnige, utan at dei kan gje noko visst svar. Det dei seier, er at det ikkje er meininga å stanse anlegget i Genève fordi om det no blir bygt eit større forskingsanlegg ein annan stad.

Hr. Hegna spurde om vi kunne sende eit notat til dei komiteane som her var interesserte. Til det vil eg seie at eg synest det vil vere rimeleg at departementet arbeider ut eit slikt notat dersom komiteane har interesse av å få det.

Når det gjeld spørsmålet om særrettar, kan vi kanskje ikkje i denne samanhengen gå lenger enn å sikre oss at norske statsborgarar ikkje blir stilte i noka særstilling om dei arbeider ved dette anlegget. Det er vel vanskeleg i denne samanhengen å løyse dette problemet generelt. Men eg er samd med dei som har sagt at dette held på å utvikle seg til eit verkeleg problem, så mange internasjonale grupper og organisasjonar som vi får. Og eg synest det var naturleg om vi tok spørsmålet opp i internasjonale organisasjonar, for eventuelt å få sett det på dagsordenen på ein slik måte at vi kunne ha von om å kome fram til ei betre løysing enn den vi no har.

Braadland: Bare et lite spørsmål. Det gjelder plasseringen av dette anlegget. Var det ikke mulig at man, når man oversendte dette tilbudet, ikke bare nøyet seg med å nevne disse to stedene, sør for Kongsvinger og Tyrifjorden, men at man også føyet til "eller et annet område som begge parter måtte være enige om å bruke", slik at man ikke utelukket en hver annen løsning?

Statsråd Helge Sivertsen: Det som nå skjer i CERN, er at eit teknisk utval undersøker dei tekniske data for ulike område som er på tale. Om det er mogleg for oss nå å få inn i den vurderinga nye område, tør eg ikkje svare på her.

Langlo: Det var spurt av to – tre av dei som har vore med i ordsiftet, om dette kjem inn under internasjonale tilhøve, og spesielt var det ein som spurde om Utanriksdepartementet hadde uttala seg i saka. Eg veit ikkje om statsråden kan seie noko om det? Eg kunne ikkje høyra om det var sagt noko om det i svaret.

Statsråd Helge Sivertsen: Det ligg ikkje nokon uttale frå Utanriksdepartementet i saka, men saka har jo vore drøft i Regjeringa, der utanriksministeren har teke stilling til den.

Formannen: Flere har ikke forlangt ordet, og jeg kan vel da oppsummere det slik at det er enighet om at Norge bør tilby seg som et land hvor dette anlegget kunne plasseres, men at samtlige som har uttalt seg understreker at det selvsagt er under forbehold av Stortingets samtykke. Videre at hvis tilbudet skulle bli god tatt, skal der føres forhandlinger om de spørsmål som her er nevnt. Og endelig at Norge, hvis de vilkår som man kommer fram til, ikke er tilfredsstillende, selvsagt står helt fritt til å avvise det.

Statsråden vil gjerne gi en opplysning.

Statsråd Helge Sivertsen: Vi har hittil frå departementets side ikkje gjeve ut til pressa eller offentleggjort kva område som blir undersøkt i denne samanhengen. Vi har ikkje vilja gjere det, fordi vi har vore urolege for dei voner som då kanskje kunne kome i vedkomande distrikt. På den andre sida kan vel ikkje dette handterast som noka hemmeleg sak, så eg er litt usikker på kva vi bør gjere vidare der. Eg ville berre fortelje at vi hittil ikkje har offentleggjort det.

Rakel Seweriin: Jeg tror det vil være riktig når denne kunngjøringen går ut, å føye til det statsråden sa tidligere, at her skal mange land konkurrere og det er ikke på noen måte visst at vi får det.

Får jeg bare lov til i samme forbindelse å knytte en merknad til dette med militær nytteverdi. Jeg hadde anledning til å være i CERN og snakke med et par framtreddende norske forskere som er der, og jeg spurte dem: Hva kan dette føre til? Tar det sikte på f.eks. å finne bedre behandlingsmåter for kreft eller lignende? – Og da sa de: Vi vet ikke. Dette er grunnforskning som går ut på å studere hvordan disse – skal vi kalle det – enhetene eller partiklene oppfører seg i forskjellige relasjoner. Men hva det kan føre til, vet vi ikke. Om det er noen nytte i det i det hele tatt eller hva nytteverdien av det kan bli, er det ikke vår sak å avgjøre.

John Lyng: Det var til spørsmålet om offentliggjørelse av deler av denne sak. Fra dette møte blir det selvfølgelig overhodet intet offentliggjort. Hvordan så Regjeringen videre vil stille seg, får jo Regjeringen ta standpunkt til etter eget skjønn.

Formannen: Jeg forsto det nærmest sånn at statsråden ville ha gode råd.

John Lyng: Skal man prøve å gi gode råd i slike tilfelle, når man ikke har det fulle bakgrunnskjennskap til stoffet?

Langlo: Eg vil åtvare mot å setje i gang ein geografisk konkurranse i landet vårt om dette spørsmålet. Det må vi ikkje gjere.

Formannen: Flere har ikke forlangt ordet, og møtet er slutt.

Møtet hevet kl. 11.15.